

Årets jordbruksavtale løyser ikkje dei langsiktige utfordringane i landbruket

Vi har nett vore gjennom tøffe jordbruksforhandlingar som under sterk tvil vart signerte av staten og Norges Bondelag sist laurdag. Om ein ser kortsiktig på denne avtala kunne det ha vore ei brukbar avtale på årsbasis, men inntektsnivået er så lågt i landbruket at denne avtala ikkje vert oppfatta slik på den einskilde gard.

Vi som arbeider med desse spørsmåla til dagen kjenner at frustrasjonen og likesæla breier om seg hos bønder i Sogn og Fjordane, men også i andre deler av landet. Ordlyden vi ofte høyrer er følgjande: *” Eg held no på i nokon år til så lenge eg driv, men noko vidare drift av neste generasjon vert det dessverre ikkje på min gard.”* Dette er ein situasjon vi opplever som svært alvorleg, og vi undrast på om Alvoret er forstått hos dykk som styrer dette landet? Inntektsnivået er slik at om du er gjeldfri og driv svært godt så kan du skaffe deg ei brukande inntekt frå år til år, men der er ikkje ei inntekt som gjer det mogleg å investere i nytt driftsapparat i til dømes mjølkeproduksjonen, og samstundes kunne leve av det etter investeringa. Noko som er avgjerande om du skal kunne halde fram med å produsere mat basert på husdyrhald slik det er i Sogn og Fjordane.

Å produsere mat og sikre matforsyning til eigen folkesetnad er ei grunnleggande problemstilling som mange i vårt land ikkje tek på alvor, då dei tenkjer at dette er noko vi med vår rikdom for evig kan importere frå andre deler av verda. **Kan de som sit med makt og kunnskap om verda sin situasjon seie at det vil vere slik i framtida? Vil vi kunne importere det vi treng å ete inn i all framtid eller bør vi tenkje annleis?**

Norske bønder har vore svært flinke til å rasjonalisere drifta si og på det viset kunne oppretthalde produksjonen av mat i Norge. Vi registrerer no at effektivitetskrava er vortne så store at svært mykje av produksjonsauken skjer på importert kraftfor. Noko som ikkje er med på å gje landet vårt ein auka sjølvforsyning. Bruken av importert kraftfor gjev heller ikkje den samfunnsmessige nytten som eit aktivt husdyrhald basert på grovfor gjev i form av ope landskap som grunnlag for reiseliv og naturbaserte opplevingar. **Kvalitetane som landskapet og naturen gjev oss i Sogn og Fjordane er ofte ei grunngeving for gründerar som vèl å etablere verksemda si i distrikta framfor i ein storby.** Vi går ut frå at de vil høyre meir om dette seinare på turen.

Årets jordbruksoppgjær styrker dei grovforbaserte produksjonane og det er bra. Trass det er tilgongen på kapital er ei stor utfordring for nyskaping og innovasjon innan det tradisjonelle landbruket. Det vedkjem både å kunne ta i bruk ny teknologi i produksjonen av mat og i utviklinga av nye næringar som til dømes produksjon av energi i form av biogass basert på husdyrgjødsel og avfall.

Vi registrerer at mange kommunepolitikarar er svært uroa over utviklinga i landbruket i sin kommune. Ikkje minst gjeld dette i eit fylke som Sogn og Fjordane. Mange kommunar opprettar egne prosjekt med sikte på å kunne stogge den negative utviklinga. Særleg ser vi denne utviklinga langs kysten i kommunar som Vågsøy, Selje, Bremanger, Flora, Fjaler, Askvoll, Solund og Gulen, men vi ser også no same tendensen i meir sentrale jordbrukskommunar langs E39. Dette er rett og slett alvor for einskildbygder og for eit fylke som Sogn og Fjordane i heilskap! Jordbruket skapar ringverknader som gradvis i det stille vert borte saman med reduksjonen i jordbruket. Ein stille revolusjon over år som no i svært sterk grad nærmar seg smertegrensa i mange bygder. Dei få bøndene som er att greier ikkje å oppretthalde drifta på alle areala, servicefunksjonane knytt til næringa vert lenger og lenger vekke. Det same vert skular, butikkar og barnehagar som er vesentlege for ny busetjing, innovasjon og verdiskaping. Dette er eit stort varsko for bygdene våre!

I mange kommunar er reduksjonen i jordbruksnæringa like viktig som reduksjonar i industrien. Det er berre det at reduksjonane kjem gradvis over ti år i staden for brått over natta. Verknaden på litt lenger sikt vert den same. Jordbruket har vore ein buffer for sysselsetjinga både i gode og dårlege tider for industrien. No er denne bufferen snart vekke.

Med dette oppropet prøver vi å teikne eit bilete medan det endå vil vere mogleg å gjere noko for å sikre framtida for jordbruket! Bodskapen kan verke dyster på ein solskinsdag som i dag, men vi vil med dette seie frå om det alvorret vi ser med dei konsekvensar det kan få for bygdene, kulturverdiane og landskapet i Sogn og Fjordane. Vi vonar de som sit med makta i regjeringa også ser dette alvorret og kan vere med på meir djuptgåande drøftingar av utfordringane. Gjerne i Sogn og Fjordane ved eit seinare høve.

Jordbruket treng eit løft og det trengst raskt!!

Venleg helsing

Per Hilleren
Fylkesleiar i Sogn og Fjordane Bondelag



Det handlar om bygdene i Sogn og Fjordane si framtid